



Stranda kommune

# Kommuneplanen sin arealdel 2021 – 2033

Konsekvensutgreiing

**Framlegg 16.06.2021**

**Til å vere stolt av**

## INNHOLD

1.1.1.	Planprogram .....	3
1.1.2.	Kommuneplanen sin samfunnsdel.....	3
<b>2.</b>	<b>UTGREIINGSKRAV I PLANPROGRAMMET .....</b>	<b>3</b>
<b>3.</b>	<b>VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG .....</b>	<b>5</b>
3.1.	Vurderingskriterium.....	5
3.2.	Metode .....	5
3.2.1.	Vurdering av ny arealbruk.....	5
3.2.2.	Konsekvensvurdering av ny arealbruk .....	5
3.3.	Kriterie og datakjelder .....	5
3.3.1.	Forureining og støy .....	5
3.3.2.	Jordvern.....	6
3.3.3.	Naturmangfald.....	7
3.3.4.	Kulturminne og kulturmiljø .....	8
3.3.5.	Friluftsliv.....	9
3.3.6.	Transportbehov, energiforbruk og samordna arealbruk .....	10
3.3.7.	Teknisk infrastruktur .....	10
3.3.8.	Samfunnstryggleik .....	11
3.3.9.	Barn og unges oppvekstvilkår .....	11
3.3.10.	Folkehelse .....	12
3.3.11.	Tilgjenge for alle .....	13
3.3.12.	Grus og pukk .....	13
3.3.13.	Verdsarv – Vestnorsk fjordlandskap .....	13
<b>4.</b>	<b>Vurderte innspel i konsekvensutgreiinga (KU) .....</b>	<b>17</b>
4.1.	Liabygda .....	20
4.2.	Geiranger .....	56
4.3.	Sunnylven .....	88
4.4.	Stranda .....	124
<b>5.</b>	<b>Samla konsekvens av planen .....</b>	<b>193</b>
5.1.	Vurdering av samla konsekvens av planen: .....	193
5.2.	Samla vurdering etter konsekvenstema:.....	193
5.2.1.	Forureining og støy .....	193
5.2.2.	Landbruk – jordressursar.....	193
5.2.3.	Naturmangfald.....	194
5.2.4.	Kulturminne og kulturmiljø .....	195
5.2.5.	Verna vassdrag .....	195
5.2.6.	Friluftsliv/grønstruktur .....	195
5.2.7.	Landskapsverknad.....	195
5.2.8.	Samferdsel/transportbehov .....	196
5.2.9.	Teknisk infrastruktur .....	196
5.2.10.	Overvatn.....	196
5.2.11.	Samfunnstryggleik .....	196
5.2.12.	Strandsone langs sjø .....	196
5.2.13.	Barn og unges interesser .....	196
5.2.14.	Folkehelse .....	197
5.2.15.	Sjøareala.....	197

## FØRINGAR FOR NY AREALBRUK

### **1.1.1. Planprogram**

I planprogrammet er det lagt føringar for utarbeiding av arealdelen. Det gjeld blant anna:

- Tilgang på tomter og leilegheiter i alle bygde laga
- Meir restriktiv utlegging av nye bustadområde
- Nye bustadområde skal vere knytt opp mot kollektivtrasear og eksisterande utbyggingsområde
- Nedbygging av jordbruksareal skal unngåast i størst mogleg grad
- Fortetting er ei prioritert oppgåve
- Kommunen skal bli betre å bu i
- Til rette legging for barn og unge
- Sikring av friområde til offentleg bruk
- Utviding av areal til idretts- og friluftsformål
- Til rette legging for nye gang- og sykkelvegar
- Til rette legging for aktivitet
- Sikring av automatisk freda kulturminne og andre verdifull kulturminne

### **1.1.2. Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Kommuneplanen sin samfunnsdel er nyleg vedteken, den legg blant anna følgjande føringar for arealdelen:

- Definere sentergrenser i bygdelaga
- Setje av areal til bustadformål innanfor konsentrerte område rundt bygdelagssentra
- Skape fleksibilitet og variasjon i typen bustadareal gjennom føresogn og arealføremål
- Vurdere rekkjefølgjekrav om infrastruktur for gående og syklande ved utbygging av nye bustadområde
- Utarbeide gode medverknadsopplegg for barn og unge
- Vurdere fare- og omsynssone for skred, flaum og bølgje
- Definere friluftsområde som kan tilretteleggjast for lågterskel friluftsliv nært bustadområda
- Kartlegge areal eigna til næring
- Setja av areal til næring og service knytt til bustadareal
- Vurdere føresegner som opnar for tilleggsnæringer i landbruket
- Vurdere eigna område for vidare utvikling av fritidsbustadar
- Vurdere rekkjefølgjekrav om infrastruktur i utsette område før vidare utvikling

## **2. UTGREIINGSKRAV I PLANPROGRAMMET**

Kunnskapsgrunnlaget innanfor alle vurderingstema skal vurderast, og oppdaterast etter behov.

I følge planprogrammet skal desse tema vurderast i KU:

Tema	Kunnskapsgrunnlag/utgreiingsbehov
Landbruk	Revidering/oppdatering av kjerneområde landbruk/Gårdskart
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden, regionaldelplan for kulturminne, forvalningsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Geiranger – Herdalen, Stranda kommune sin kulturminneplan
Friluftsliv, grønstruktur	Kommuneplan for idrett og friluftsliv, enkel friluftskartlegging, GisLink
Landskap	Den Europeiske landskapskonvensjonen, forvalningsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Geiranger - Herdalen
Folkehelse	Utarbeiding av folkehelseoversikt for kommunen (under utarbeiding), støykart frå Statens vegvesen, kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, barnetrakk registreringar
Forureining	Miljøstatus.no, energi og klimaplan

Transportbehov og energiløysingar	Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane
Trafikktryggleik	Avkøyrslle til offentleg veg
Naturmangfald	Naturbase.no, Artsdatabanken
Barn og unge	Statlege planretningsliner for barn og unges interesser, barnetrakkregistreringar
Samfunnstryggleik	Overordna ROS-analyse (under revidering), skrednett.no, skredrapportar, handtering av havnivåstigning i kommunal planlegging
Bustadareal	Vurdering av utbyggingspotensiale innanfor eksisterande byggeområde.

### 3. VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG

#### 3.1. Vurderingskriterium

Rammene for planarbeidet er fastsett i planprogrammet vedteke av kommunestyret.

Kriterium i vurderinga er valt ut frå Forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova (FOR-2017-06-21-854) , kapittel V, Innhold i konsekvensutredningen.

#### 3.2. Metode

##### 3.2.1. Vurdering av ny arealbruk

Det blir gjennomført ei vurdering av ny arealbruk opp mot føringar frå planprogram, kommuneplanen sin samfunnssdel, regionale og nasjonale. Framlegg til arealbruk som stirr i mot desse føringane vert ikkje konsekvensutgreidd.

Alle framlegg til ny arealbruk har vorte vurdert administrativt og politisk.

##### 3.2.2. Konsekvensvurdering av ny arealbruk

Vurderingane er sett opp skjematisk i eit fastsett matrise. Ved hjelp av kart og flyfoto synleggjer ein nosisusjon og ønska arealbruk.

Tematisk oppsett skjema gir opplysningar om tilgjengeleg kunnskap innanfor kvart tema. Det vert gitt ei kortfatta vurdering av konsekvens, og oppsummert med positiv/nøytral/negativ verdi for vurderingstema.

- + Positive konsekvensar (grøn farge)
- 0 Ingen vesentlege konsekvensar, nøytral (gul farge)
- Negative konsekvensar (raud farge)

Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk, men synleggjer konsekvensane av tiltaket for dei ulike tema. Om konsekvensar for eitt vurderingskriterium er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd.

Omgrepet ”uakseptable negative konsekvensar” inneber at dei negative konsekvensane er så vesentlege at dei ikkje let seg vege opp for andre positive konsekvensar, eller at ulemper ikkje let seg minimere gjennom avbøtande tiltak.

Verdien 0 er brukt der tiltaket vert vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for vurderingstema.

Moglege avbøtande tiltak er vurdert separat.

Sist er det gitt ein konklusjon på bakgrunn av konsekvensar og eventuelle avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak kan vere lagt inn som ein føresetnad for utbygging (rekkefølgjekrav).

#### 3.3. Kriterie og datakjelder

##### 3.3.1. Forureining og støy


I konsekvensutgreiinga er det vurdert om eit foreslått byggetiltak vil føre til forureining, og om eit område med forureina grunn er tenkt bruk til byggeområde.

Støy er vurdert utifrå i kva grad utbygging vil medføre sjenerande støy for omgjevnadane, og i kva grad utbygging vil verte utsett for støy frå eksisterande støykjelder.

Utbyggingsområde der det ikke er påvist forureining/støy og utbyggingstiltak som ikke er vurdert å gje slike konsekvensar, er vurdert som nøytral konsekvens. Tilsvarande er det vurdert som negativ konsekvens der det er påvist forureining/støy eller ein reknar med at utbyggingstiltak kan føre til dette.

- + Kan redusere dagens forureiningsnivå og betrar forureiningssituasjonen
- 0 Utbyggingsområde der det ikke er påvist forureining/støy og utbyggingstiltak som ikke er vurdert å gje slike konsekvensar eller situasjon som kan handterast med enkle tiltak.
- Tiltak som kan føre til auka forureining eller ligg i område utsett for støy/forureining.

Kunnskapsgrunnlag: Støyvarselkart Statens vegvesen, Miljødirektoratet – Grunnforureining, lokalkunnskap.



Figur 1. Oversikt over raud og gul støysone langs fv. 60 ved Strandadalen. Kjelde Statens vegvesen

### 3.3.2. Jordvern

Alle innspel er gitt ei særskild landbruksfagleg vurdering (vedlegg 1). Vurderinga deler nye forslag i tre kategoriar; få negative konsekvensar, moderate negative konsekvensar og store negative konsekvensar for landbruket. Konklusjonane er overført til KU-skjema.

- 0 Få negative konsekvensar
- Moderate eller store negative konsekvensar

I botn for vurderinga ligg registreringa av kjerneområde landbruk for Stranda kommune (2008).

Kjerneområde landbruk består av to typar areal:

- 1 - verdifulle areal til matproduksjon
- 2 - verdifulle landbruksprega kulturlandskap

Kunnskapsgrunnlag: Kjerneområde landbruk kartlegging, kart, kartlagt dyrkbar jord (NIBIO), lokalkunnskap.




Figur 3. Utsnitt frå kjerneområde landbruk i Strandadalen .

### 3.3.3. Naturmangfald

Naturmangfaldlova §§ 8-12 ligg til grunn for vurdering av utbyggingsområde, m.a. av kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet og samla belasting for naturverdiar.

- + Positiv verknad/sikrar eller styrkar naturmangfaldet
- 0 Påverkar ikkje naturmangfald
- Det er påvist naturtyperegistreringar i utbyggingsområde eller influensområde. Dersom det vert foreslått utbygging i område med slike registreringar eller vurderingar må det gjerast vidare vurderingar ev undersøkingar i samband med reguleringsplan slik at det vert teke naudsynte omsyn, jf. nml §§ 9-12.



Figur 3. Utsnitt frå Sunnylven som syner naturtypar og verneområde. Kjelde Naturbase

I utbyggingsområde og influensområde der det ikkje er påvist naturtyperegistreringar er teksten ”Ingen kjende registreringar” nytta i vurderinga. Dersom det ikkje går fram av kommentaren, er det heller ikkje vurdert som sannsynleg at det kan ligge føre andre artar eller naturtypar som ikkje er fanga opp i naturbasen og det er gitt nøytral konsekvens. Kravet etter nml. §8 er såleis oppfylt. For desse områda er det ikkje funne naudsynt å gjere vidare vurderingar etter §§ 9-12 då det er lagt til grunn at verdfull natur ikkje vert vesentleg negativt påverka.


Kunnskapsgrunnlag: Kartlegging av inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON), Naturbasen (DN), Artsdatabanken.

### 3.3.4. Kulturminne og kulturmiljø

*”Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.”*

*Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoner opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.”*  
(Kulturminnelova § 1)

- 0 Utbyggingsområde der det ikkje er påvist kulturminne, -miljø, -landskap er gitt nøytral konsekvens.
- Utbyggingsområde der det er påvist kulturminne, -miljø, -landskap er gitt negativ konsekvens. Negativ konsekvens er eit varsko om å vise omsyn. Der slike registreringar inngår i område foreslått til utbygging, må nærmare avklaring/ivaretaking skje gjennom reguleringsplan.



Figur 4. Oversikt over kulturminne for del av Stranda kommune. Kjelde Askeladden


Kunnskapsgrunnlag: Riksantikvaren sin database Askeladden (automatisk freda kulturminne), SEFRÅK-registeret (bygningar eldre enn år 1900), Regional delplan for kulturminne, kommunal kulturminneplan.

### 3.3.5. Friluftsliv

Under punktet ”Friluftsliv” er det vurdert om utbyggingstiltaket vil redusere viktige friluftsområde. For bustadområde er det i tillegg vurdert om tilgangen til gode rekreasjonsområder er tilfredsstillende.

- + Auka/betra tilrettelegging
- 0 Ingen verknad
- Negativ verknad, t.d. tap av grønstruktur, attraktive friluftsområde, hindrar tilkomst, mm.

Kunnskapsgrunnlaget: Gislink, statleg sikra friluftsområde, barnetrakk-kartlegging (2019), friluftsbasen FRIDA, Morotur, turkart for Stranda, lokalkunnskap.



Figur 5. Registrering av friluftsområde, statleg sikre friluftslivområde ved Flydalsjuvet. Kjelde GisLink

### **3.3.6. Transportbehov, energiforbruk og samordna arealbruk**

Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014) har som målsetjing at transportbehovet skal minimerast gjennom god arealplanlegging. Kommunane skal går føre i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og å sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging.

Overordna vurdering om utbygginga vil føre med seg auka transportbehov og klimagassutslepp, samt tilgjengeleighet til kollektivsystem, gang- og sykkelveg og for sjøareala. Tilgjengelegheta vurderast mot ulike funksjoner som skule, barnehage, idrettsanlegg, kollektivhaldeplass og butikk. Beliggenheit er også en faktor, som er avgjerande for tilgjengelegheta.

- + Lavt transportbehov, god tilgjengeleighet og beliggenheit, relativt lavt utslepp og mindre konsekvensar for transportsystemet og lite bilbasert.
- 0 Middels transportbehov, tilgjengeleighet og beliggenheit, middels utslepp og konsekvensar for transportsystemet og middels bilbasert.
- Høgt transportbehov, därleg tilgjengeleighet og beliggenheit, høgt utslepp og store konsekvensar for transportsystemet og hovudsakeleg bilbasert

For fastsetting av konsekvens treng ikkje utbygginga å fylle alle kriteria. Ei utbygging kan eksempelvis ha god beliggenheit med tanke på nokre funksjonar, men middels tilgjenge for kollektiv samt middels bilbasert. Då kan vurderinga vere positivt, sjølv om det i realiteten berre er noko positivt.

Kunnskapsgrunnlag: Lokalkunnskap, kart.

### **3.3.7. Teknisk infrastruktur**

Teknisk infrastruktur omfattar i denne samanheng veg, vatn, avløp, el-forsyning, fiberkabel o.a. Best mogleg utnytting av eksisterande anlegg er samfunnsøkonomisk lønnsamt .

Nærleik til eksisterande anlegg vert vurdert som positivt.

Det vert også vurdert som positivt dersom eit foreslått tiltak ligg nær offentleg køyre-, gang- og sykkelvegnett. Utbygging langs kollektivtraseen vil gjøre det lettare å nytte kollektivtransport og er såleis positivt for både miljø og samfunn.

- + Allereie etablerte/delvis etablerte anlegg med gode tilknytingsmuligheter som ikkje krev store tiltak.
- 0 Må gjennomføre mindre tiltak på eksisterande anlegg før etablering
- Må gjennomføre kostbare tiltak for å oppnå muligheter for å etablere tilknyting

Kunnskapsgrunnlag: ROS-analyse, leidningskart, lokalkunnskap.

### 3.3.8. Samfunnstryggleik


Kommunen har ansvar for at nye byggetiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare. Ein må unngå utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre natur- og menneskeskapte risikotilhøve. Vurdering vert gjort i forhold til korleis ønske tiltak vert vurdert som risikoutsett.

- 0 Utbygging som ikkje kjem i konflikt med kjende konsekvensar for samfunnstryggleiken, er gitt nøytral.
- Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der det er påvist risiko, innanfor aktsemde soner eller risiko ikkje er avklara.

Utbygging innanfor faresoner må dokumentere tiltak som stettar krava sett i byggteknisk forskrift, TEK17 kap 7. Dette er innarbeidd i føresegnene til planen.

Der utbyggingsplanar kjem i konflikt med kartlagt risiko, må nærmere undersøkingar gjerast for å avklare faktisk risiko for det enkelte byggjeprosjekt, ev. utgreiing av avbøtande tiltak som kan sikre planlagt utbygging.

Kunnskapsgrunnlag: Heilskapleg ROS-analyse for Stranda (2017), NGI-rapport Åknes/Tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011, NVE rapport 34-2015 Skredfarekartlegging i Hellesylt sentrum, Berekna oppskylling frå Åknes-ras, havnivåstigning (NGI-rapport Åknes/Tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011 og Statleg skredfarekartlegging Stranda kommune).



Figur 5. Område med skredfare og oppskyllingssone flodbølgje for Liabygda. Kjelde NVE Atlas

### 3.3.9. Barn og unges oppvekstvilkår

*Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge* seier at det ved bustader, skular og barnehagar skal vere god tilkomst til variert og samanhengande grønstruktur med samband til omkringliggende naturområde. Areal som vert brukt av barn og unge, skal vere sikra mot m.a. forureining, støy og trafikkfare.

Som planstyresmakt har kommunen ansvar for å sjå til at dette blir følgt opp. Natur og friluft er viktige oppvekstvilkår for barn og unge.

- + Utbygging som kan sikre eller styrke born og unge sine interesser.
- 0 Ingen verknad (ikkje tap/omdisponering av areal som førar med seg konfliktar med born og unges interesser)
- Tiltak med klart negativ verknad, eksempelsvis tap av viktige areal, store avstandar, utrygg skuleveg, mm.

Kunnskapsgrunnlag: Barnetrakk-kartlegging i Stranda kommune (2019). Utsnitt frå kartlegginga i 2019 er vist under. I utsnittet er registreringane vist som prikk-symbol på grunn av lesbarhet. Bak registreringane ligg meir detaljert informasjon om type bruk og kommentarar. Om kartleggingsmetoden, sjå: [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no)




Fig. 6 Døme resultat av barnetrakk kartlegging.

### 3.3.10. Folkehelse

Folkehelse er eit vidt omgrep, og kan vere utfordrande å konsekvensvurdere. Eit utbyggingstiltak kan få både positive og negative følgjer, alt etter innfallsvinkel og fokus. Kommunen vil arbeide vidare med evalueringsmetodikk, og vurderer til dømes innføring av folkehelse-sjekkliste for framtidige planar.

Det er vurdert om utbyggingsområde ligg slik til at det dei fleste kan gå eller sykle til aktivitetar/arbeid, og om området har nærleik til turområde/friområde. Det er også vurdert om utbyggingsområde grip inn i eller påverkar turområde/friluftsinteresser.

Gangavstand til møteplassar og tenester, trygt trafikkbilete med gode gang- og sykkelvegar, tilgang til friluftsområde, nærekreasjon, universell utforming er viktige moment i vurderingane.

Folkehelseperspektivet inngår også i følgjande tema:

- Forureining og støy
- Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv
- Born og unge
- Samfunnstryggleik

- + Utbygging som kan bidra positivt til folkehelsesituasjonen.
- 0 Tiltak som ein vurderer å ikkje ha vesentleg effekt på folkehels.
- Utbygging som vil kunne gi negativ verknad for folkehelsa.

Kunnskapsgrunnlag: Folkehelseoversikt Stranda (2018), kartdata, lokalkunnskap

### 3.3.11. Tilgjenge for alle

Kommunen har som planmynde det primære ansvaret for å legge dei nasjonale måla om tilgjenge for alle inn som ein del av avgjerdsgrunnlaget ved kommunal planlegging og enkeltsakshandsaming i forhold til plan (Regjerings rundskriv T-5/99 B *Tilgjenge for alle*)

Universell utforming til uteområde og bygningar er eit sentralt krav til utbygging (Teknisk forskrift, TEK17)

I kommuneplanen er krav om universell utforming lagt inn som ei generell føring for all detaljregulering.

### 3.3.12. Grus og pukk

For alle nye utbyggingsområde er det gjort ei vurdering av konsekvensar for registrerte grus- og pukk lokalitetar i kommunen.

Grus- og pukkbasen til NGU gjev ei oversikt over sand-, grus- og pukkførekomstar og uttaksstedar i Norge som kan utnyttast som råstoff i bygge- og anleggsvirksemid.




Fig. 6 Utsnitt av grus og pukk basen til NGU. Kjelde: NGU.

### 3.3.13. Verdsarv – Vestnorsk fjordlandskap

Verdsarvstatusen med kommunane Stranda og Fjord og fylkeskommunane sin «Declaration of intent» som grunnlag for verdsarvstatus av Vestnorsk fjordlandskap legg rammer for arealplanen. Forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Geirangerfjorden legg føringar for arealdelen, då planen danner grunnlaget for Stranda kommune si rapportering inn til Vestnorsk fjordlandskap, statsparten og UNESCO kommisjonen.

Heile Geirangerfjorden og mesteparten av Sunnylvsfjorden ligg innanfor verdsarvområdet sine grenser. Dette betyr at alle utviklingstiltak også i sjøarealet må vurderast opp mot bevaring av verdsarvstatus og området sine universelle verdiar. Alle nye tiltak i desse ikoniske fjordane må vurderast opp mot den internasjonale forpliktinga som Stranda kommune har signert på.

For alle utviklingstiltak i sjøarealet til verdsarvfjordane eller på land innanfor verdsarvområdet sine grenser, som kan vere potensielt trugsmål for verdsarvstatusen, er det krav om gjennomføring av Heritage Impact Assessment (HIA)/KonsekvensUtgreiing for VerdsArv (KUVA). Det er naudsynt at konsekvensane for verdsarv er grundig greidd ut før vedtak om planar og tiltak vert fatta. Verdsarvområdet skal vere fyrtårn for beste praksis i forvaltning av natur- og kulturarven. Planar eller tiltak som kan kome i konflikt med verdsarvverdiane skal ein HIA/KUVA gjennomførast. Om det er uvisse om verknaden av eit tiltak på verdsarvverdiane, skal verknaden sjåast på som negativ. Tiltak skal ikkje verte tillate så lenge konsekvensane er uvisse, eller om det er påvist uakseptabel konflikt med verdsarvverdiane. Rettleiarar til [miljøkonsekvensutgreiing](#) og [konsekvensutgreiingar for verdenskulturarvområder](#), internasjonale rettleiarar som er tilpassa til norsk begrepsbruk.

Grunnlag for verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap med delområde Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er naturkriteria (i) og (ii):

**«Kriterie (i): Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.»**

**Kriterie (III): Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utsal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjørar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfold av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.»**

Det er utarbeidd [Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap delområde Geirangerfjorden](#), godkjend 16.01.2008. Det er starta opp revisjon av forvaltningsplanen, men den vil gjelde inntil ny er vedteken.

I forvaltningsplanen er det utarbeidd prinsipp for forvaltning av Geirangerområdet, som bli innleia med dette avsnittet:

«I verdsarvområdet er det eit overordna mål å sikre både natur- og kulturverdiar. Sidan verdsarvområdet også inneheld busettingsområde er det viktig at forvaltninga av området gjer det mogleg med busettad og næringsverksem, og stimulerer til berekraftige bygde- og næringsutvikling ved at verneverdiane skal vere ein ressurs og ei drivkraft for å utvikle eit robust, variert næringsliv. Dette treng ikkje å stå i motsetnad til kvarandre. Til dømes vil landbruksdrift til vanleg vere viktig for å oppretthalde kulturlandskapsverdiar og biologisk mangfold.»

Det er gjort ei soneinndeling som er bestemt av desse kriteria:

- Avstand til inngrep
- Klassifisering av landskapet
- Særskilde omsyn til fauna og vegetasjon
- Behov for å skjerme sårbare område i høve ferdsel og verksemd
- Bruken av området i dag
- Trong for særskilde tilretteleggingstiltak

Det er laga 4 soner:

#### Vernesone

Området med som oftast villmarksprega område, indre og høgareliggende delar av verdsarvområdet, og område som framleis er urørt eller tilnærma urørt. Naturvern skal vere overordna andre interesser. Ønskje å halde områda utan inngrep. Vernesone er ikkje til hinder for å utøve skjøtsel eller restaureringstiltak på fjord- og hyllegardane eller seterstølane.

### Brukssone

Område for tradisjonell landbruksdrift har vore utøvd (beiting, setring, hogst og liknande). Forsiktige tiltak og inngrep for enkelt friluftsliv er tillate, tilrettelegging bør bygge på eksisterande ferdelsmønster etter stiar og rutennett, og må tilpassast nødvendige endringar for å ta vare på naturkvalitetane. Det kan vere aktuelt å opne for bestemte tiltak og aktivitetar knytt til særskilt behov, men restriktiv for andre interesser.

### Sone for spesiell tilrettelegging

Mindre område det kan vere opning for i større grad av tilrettelegging for friluftsliv, tiltak i samband med gardsdrift og enkle reiselivsaktivitær. Sona vert ofte nytta i område med mykje ferdsel og område som alt har større inngrep, til dømes vegar og regulerte vatn. I verneområdet er det primært landbruk, tyngre tekniske inngrep, reiselivsanlegg og ferdelsårer som kjem i denne sona.

### Område utan vern etter naturvernlova – busette område

Område som ikkje er verna etter naturvernlova, men inkludert i verdsarvområdet. Arealforvaltninga i desse områda vert styrt gjennom pbl. av kommunane:

- Geirangerbygd
- Opplenskedalen
- Flydalen
- Møll og Grande
- Flydalen
- Dalsnibba

Planlegging og gjennomføring av tiltak i eit nasjonalt og internasjonalt verdifullt og særmerkt landskap krev stor varsemd i høve tilpassing til eksister

Basert på dette blir det for kvar enkelt nytta arealformål gjennomført ein KUVA for Geiranger, der utgreiingane for kvar område vil vere:

- Kva kultur- eller naturarv er i fare og kvifor er den viktig – korleis bidreg den til verdsarv området sitt framragende universell verdi (FUV)?
- Korleis vil eit tiltak, ei endring eller eit framlegg om utvikling bli påverka av FUV?
- Korleis kan effekt av tiltak/endring unngåast, reduserast, rehabiliterast eller kompenserast/avbøtast?

Påverknad av FUV blir vurdert med følgjande parameterar:

- Mykje høg
- Høg
- Middels
- Låg
- Ubetydeleg
- Ukjent

Verknad av arealbruken blir vurdert med følgjande parameterar:

- Ikkje endring
- Ubetydeleg endring
- Litен endring
- Moderat endring
- Stor endring

Betydning av endra arealbruk blir vurdert etter følgjande parameterar:

- Betydeleg positiv
- Moderat positiv
- Mindre positiv
- Ubetydeleg positiv
- Ubetydeleg positiv
- Nøytral
- Ubetydeleg negativ
- Mindre negativ
- Moderat negativ
- Betydeleg negativ

Tabellen under blir teke med for kvart arealformål i KU og vurdert mot verdsarvområdet.

Sone etter forvalningsplanen		
Kva kultur- eller naturarv er i fare og kvifor er den viktig		
Korleis vil eit tiltak, ei endring eller eit framlegg om utvikling bli påverka av FUV		
Korleis kan effekt av tiltak/endring unngåast, reduserast, rehabiliterast eller kompenserast/avbøtast		
Påverknad av FUV		
Verknad av arealbruken		
Betydning av endra arealbruk		




## 4. Vurderte innspel i konsekvensutgreiinga (KU)

<b>Liabygda</b>					
Kortnamn	Stad	Gnr./bnr.	Formål	daa	Konsekvens
NFFFA_0	Uraneset		Natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur	285	
NFFFA_2	Under Skafjellet		Natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur	296	
SHA_1	Gravaneset	1/2	Ferjekai, bygd ut	4	
BKB_1	Ringset	5/1	Fritidsbustad, fritids- turisme	50	
BKB_2	Liabakkane	8/1,2	Fritidsbustad, fritids- turisme – utviding formål	94	
BFT_1	Liabakkane	8/2, 24	Fritids- turisme, endring formål	5	
BAB_1	Liasjøen	5/1	Andre typar bygningar og anlegg - kraftverk	2	
BAB_0	Stavseng	7/1	Andre typar bygningar og anlegg – massedeponi	2,2	
BIA_1	Stavseng	7/1, 2	Idrettsanlegg, bygd ut	9	
BOP_0	Liagarden	8/113	Offentleg eller privat tenesteyting, endring formål	4	
BKB_5	Liagarden	8/2	Forretning, lager, kontor, næring	4	
BKB_6	Liagarden	8/2	Parkering, offentleg eller privat tenesteyting	3	
BKB_7	Yste haugen	9/1, 2	Bustad, fritids- turisme og hotell	48	
NFFFA_4	Overåbukta		Natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur	368	
SHA 1-2	Ovråneset	9/2,14, 16, 17, 25	Hamm	19	
BAB_2-3 og 4	Ovrå	9/3	Transformatorstasjon	6	
NFFFA_5	Fagervika		Natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur	707	
BAB_2-1 og 2	Sæterelva	9/3	Andre typar bygningar og anlegg - kraftverk	4	
<b>Geiranger</b>					
Kortnamn	Stad	Gnr./bnr.	Formål	daa	
SPA_1	Ørnesvingen	110/1	Parkering, fortau	11	
BKB_8-0	Møllsæter	111/2	Andre typar bygningar og anlegg - tenesteyting/småskala næring	17	
Ankring_1	Geirangerfjorden		Ankring	137	
SST_2, BFT_8-1	Geiranger	114/1,4, 116/1 og 2	Fjellheis	1	
BOP_1b og c	Geiranger	121/73 og 121/1-4	Offentleg eller privat tenesteyting	4	
B_7c	Geiranger	121/73 og 121/1-4	Bustad	12	
BN_4	Geiranger	114/4	Nærings	2	
SPA_2, BAB_4-3	Hole	116,3	Parkering, vassforsyningasanlegg	2	
BKB_8-1	Hole	117/2	Kombinasjon fritidsbusetnad, fritids- og turistformål	4	
SPA_3-1	Flydalsjuvet	120/2	Parkering	4	
LSB	Flydal	120/5	Bustad	19	
BKB_8-2	Hestøyna	120/4/19	Masseuttak/deponi	4	
SPA_3-2	Knuten	118/3	Parkering	2	




V_1	Ørjasætra – Stryn kommune	119/2 m. fl.	Ny veg	Ikkje avklart	
LSN_3	Opplendskeden	119/1	LNF- næring	35	
<b>Sunnylven</b>					
Kortnamn	Stad	Gnr./bnr.	Formål	daa	
SPA_4	Kjellstadlia	80/1	Parkerings, endring av formål	6	
SPA_5	Langøylia	78/1/1	Parkerings	3	
BIA_2	Langøylia	78/1/1	Idrettsanlegg, bygd ut	77	
SPA_6	Tronstad	78/6	Parkerings	3	
BFT_0	Littlebøen	82/1	Fritids-/turismeformål	6	
BKB_9-4	Tryggestad	82/2/1 og 82/2	Kombinasjonsformål kraftverk og næring	1	
BKB_9-1	Tryggestad	Manglar	Kombinasjonsformål masseuttak og -deponi	21	
SPA_7-1	Fivelstad	78/6	Parkerings	1	
BFT_5	Fivelstad	84/6	Fritids- og turistformål	1	
SPA_6-2	Karbø	78/6	Parkerings	3	
B_6	Ringdalåsen	90/13, 81, 129, 197	Bustad	15	
BKB_9-2	Ringdalåsen	90/29, 39	Bustad og fritidsbustad	81	
BAB_6-2	Ringdalåsen	90/53	Andre typar bygningar og anlegg - vassforsyningsanlegg	1	
BOP_3	Ringdalåsen	90/80	Offentleg eller privat tenesteyting	2	
BKB_9-5	Ringdal	90/79	Kombinasjonsformål kraftverk og næring	4	
STT_3, BFT_7	Hellesylt		Gondol-/pendelbane	3	
BGU_3-2	Korsbrekke	60/23	Grav og urnelund	1	
BKB_9-6	Stadheim	61/3/1	Kombinasjonsformål kraftverk og næring	2	
BRU_2	Varden	75/5	Råstoffutvinning	23	
BKB_9-7	Varden	75/5	Kombinasjonsformål bustad og fritidsbustad	70	
BAB_6-3	Hole	64/2/1	Andre typar bygningar og anlegg - kraftverk	1	
BFT1/BKB_9-3	Ljøen	92/1, 3	Fritids – turisme, fritidsbusetnad	40+41	
BAB_7	Ljøen	92/1	Andre typar bygningar og anlegg - helipad	3	
<b>Stranda</b>					
Kortnamn	Stad	Gnr./bnr.	Formål	daa	
BAB_8	Herdalen	37/18	Andre typar bygningar og anlegg - massedeponi	6	
SPA_7-2	Herdalen	37/18	Parkerings	3	
BFR_3	Svefonna	26/2, 27/1	Fritidsbusetnad	96	
BAB_10	Svemorka	43/2/1	Andre typar bygningar og anlegg - kraftverk	1	
BIA_5	Svemorka	44/3	Idrettsanlegg	41	
BAB_11	Furset	44/12	Andre typar bygningar og anlegg - høgdebasseng	3	
BFR_4 og BIA_3	Furset	44/1, 2, 7, 71 72, 45/1-7, 46/1-4	Nedfart, skiløype, heis	290+ 81	
BIA_4	Roalden aust		Nedfart, skiløype, heis	1937	
BFR_5 – 8	Skarhaugen – Seljebakken	45/3, 4, 46/2 4	Fritidsbustad	231	
BKB_12	Langedalen	45/1-7, 73 og 46/1-4	Kombinasjonsformål idrett og andre bygg og anlegg - snøproduksjon	47	

BFT_2	Meraftahornet	50/1,2	Fritids-/turistformål	95	
BFT_4	Roalden	50/121, 128	Fritids-/turistformål	44	
BFR_9 – 10	Hevsdalen	47/1, 52/1	Fritidsbusetnad	192	
BFR_11	Hevsdalen	47/1, 52/1	Fritidsbusetnad	203	
BFR_12	Hevsdalen	501-21, 11	Fritidsbusetnad	112	
BKB_13, 14 og SPA_8	Sætergjerdet - Teigane	49/1, 2, 4, 7, 11,16, 18, 25, 29	Kombinasjonsformål fritidsbustad, fritids- turismeformål	453	
BRU_1	Hevsdalen	49/1	Masseuttak	5	
B_3	Ringstadmarka	52/1, 2	Bustad	230	
BOP_4	Ringstadmarka	52/1, 4	Offentleg eller privat tenesteyting- barnehage og skule	72	
BKB_10	Ringstadmarka	52/1, 5	Bustad, næring, service	9	
BOP_5	Ringstad	47/9	Offentleg eller privat tenesteyting – avlastning barn og unge	3	
BIA_6	Ringstad	52/305	Idrett	Omdisp. bustad 3	
BOP_6	Ringstad	52/1, 5, 6	Offentleg eller privat tenenesteyting – helse og omsorg	52	
BKB_11	Ringstad	52/5, 6, 56	Bustad, offentleg eller privat tenesteyting	5	
B_2	Øygarden	49/26, 33	Bustad	102	
BN_1	Øygarden	50/66, 67	Næring	25	
BGU_1	Øygarden	50/1, 2, 7	Grav og urnelund	15	
BOP_7	Øygarden	50/1, 50/1/4, 1623, 144, 51/2	Offentleg eller privat tenesteyting	Omdisp næring 10	
BS_1	Stranda sentrum	53/2, 25	Sentrumsformål	31	
BN_2	Helsem	18/12, 14	Næring, bygd ut	6	
BAB_12	Uksavika	15/18, 16/1	Andre typar bygningar og anlegg - naust	1	
B_12	Sandvika	13/5, 14/7	Bustad, bygd ut	7	
SPA_9	Brensla	11/1	Parkeringsplass	1	
BAB_13	Fausa	55/27 og 56/2	Andre typar bygningar og anlegg - kraftverk	1	
BFR_13	Fausa	55/1, 56/1- 3. 57/1	Fritidsbustad, delvis regulert, starta opp regulering på nytt, uavklart kor mykje som skal nyttast til utbygging.	250 daa nytt areal	
NFFFA_1	Under Svartåfjellet		Akvakultur	146	
Ankring_2	Øygardsvika		Ankring	38	
NFFFA_3	Sandvik		Akvakultur	146	

## 4.1. Liabygda

<b>NFFFA_0</b>	Gnr./bnr. Gjeldande planstatus: Sjøareal Nytt formål: NFFFA – Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur	Areal: 285 daa Dagens arealbruk: Ikke bandlagt bruk
Oversiktskart:		Gjeldande arealplan: Arealdelen
		
Reguleringsstatus:	Ortofoto med arealavgrensning:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt. Mogleg støy ved drift.	-
Landbruk	Ikkje konflikt	0
Naturmangfold	Formålsområdet ligg ved naturtype kalkskog – Grovavika – Urdaneset. Truleg ikkje konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-	Ved Uraneset er det SEFRAK-bygningar frå før 1850, ligg i	-



landskap	nærrområdet til NFFFA. Truleg ikkje konflikt.	
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt. Etablering av akvakulturanlegg gjev restriksjonar for ferdsel.	0
Samferdsel /transportbehov	Tilkomst frå sjø. Potensiell konflikt med farlei, avklarast med sektormynde i samband med konsesjonshandsaminga.	0
Teknisk infrastruktur	Nødvendig Infrastruktur må byggjast ut.	-
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor aktsemndsområde snøskred, og innanfor faresone flodbølgje. Konsekvensar må avklarast.	-
Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk for området.	0
Folkehelse	Restriksjonar på ferdsel, fiske, friluftsliv.	-
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Legg til rette for akvakultur etter pbl. I samband med konsesjonshandsaming må det avklarast etter sektorlover. Må avklare konsekvensar flodbølgje og skred.		
<b>Konklusjon:</b> Tilrettelegging av ny akvakulturlokalisitet.		

<b>NFFFA_2</b>	Gnr./bnr. Gjeldande planstatus: Sjøareal <b>Nytt formål: NFFFA – Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur</b>	Areal: 296 daa Dagens arealbruk: Ikke bandlagt bruk
Oversiktskart:	Gjeldande arealplan: Arealdelen	
		
Reguleringsstatus:	Ortofoto med arealavgrensing:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt. Mogleg støy ved drift.	-
Landbruk	Ikkje konflikt	0
Naturmangfold	Formålsområdet ligg ved naturtype kalkskog – Grovavika – Urdaneset. Truleg ikkje konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Klebergsætra ligg rett over området, på 600 m høgd, delvis skjult av Skafjellet. Truleg lite konflikt.	-
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt. Etablering av akvakulturanlegg gjev restriksjonar for ferdsel.	0
Samferdsel /transportbehov	Tilkomst frå sjø. Potensiell konflikt med farlei, avklarast med sektormynde i samband med konsesjonshandsaminga.	0
Teknisk infrastruktur	Nødvendig Infrastruktur må byggjast ut.	-
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor aktsemndsområde snøskred, og innanfor	-




	faresone flodbølgje. Konsekvensar må avklarast.	
Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk for området.	0
Folkehelse	Restriksjonar på ferdsel, fiske, friluftsliv.	-
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Legg til rette for akvakultur etter pbl. I samband med konsesjonshandsaming må det avklarast etter sektorlover. Må avklare konsekvensar flodbølgje og skred.		
<b>Konklusjon:</b> Tilrettelegging av ny akvakulturlokalitet.		

<b>SHA_1</b>	Gnr./bnr. 2/1 Gjeldende planstatus: LNF <b>Nytt formål: Hamn</b>	Areal: 3,6 daa Dagens arealbruk: Ferjekai og veg
Oversiktskart:	Gjeldande arealplan: KDP Liabygda	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med arealavgrensing:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt.	0
Landbruk	Formålsområdet er bygd ut med veg/ferjekai. Ikkje registrert som dyrkbar jord.	0
Naturmangfold	Formålsområdet ligg ved naturtype kalkskog (svært viktig) og inntil viltområde for hjort. Lite konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Naust, bygd før 1850 ligg inntil formålsområdet.	0
Friluftsliv, nærmiljø,	Ikkje konflikt med registrerte verdiar.	0

grønstruktur		
Samferdsel /transportbehov	Offentleg veg går gjennom området. Formålsområdet medfører ikkje endring i trafikk, formalisering av dagens bruk.	0
Teknisk infrastruktur	Nødvendig Infrastruktur er bygd ut.	+
Samfunns-tryggleik	Delar av området ligg innanfor aktsemomsområde skred, og faresone flodbøglje.	-
Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk for området.	0
Folkehelse	Solrikt, sørvendt.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Formalisering av dagens bruk.		
<b>Konklusjon:</b> Formalisering av dagens bruk.		

<b>BKB_1</b>	Gnr./bnr. 5/1 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål:</b> Kombinasjon fritidsbusetnad, fritids- og turistformål	Areal: 50 daa Dagens arealbruk: Skog
Oversiktskart:	Gjeldande arealplan: KDP Liabygd	
		
Reguleringsstatus:	Ortofoto med arealavgrensning:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt.	+
Landbruk	Skogsområde. Ikkje registrert som dyrkbar jord.	+
Naturmangfold	Ligg inntil naturtype kalkskog (svært viktig). Det er registrert nøkkeltiotop med MIS.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrerte kulturminne/-miljø innanfor eller ved området.	+
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje konflikt med registrerte verdiar.	0
Samferdsel /transportbehov	Offentleg veg går gjennom området. Auke i transport behov. Avkjørsel til kommunal veg med lite trafikk.	0
Teknisk infrastruktur	Nær eksisterande teknisk infrastruktur, bustadfelt nordaust for	+

	området.	
Samfunnstryggleik	Del av området ligg innanfor fareområde for elektromagnetisk stråling og innanfor aktsemdsområde skred.	0
Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk for området.	0
Folkehelse	Solrikt, sørvendt, lett tilgjengeleg turområde.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Område lett utbyggbart, og ligg i tilknyting til nærliggande bustadområde og hyttefelt. Teknisk infrastruktur i nærleiken. Krav om skredvurdering, må ta omsyn til kraftline som tangerer området. Krav om kartlegging naturtype, vurdere avbøtande tiltak. Må legge til rette for barn og unge.		
<b>Konklusjon:</b> Leggje inn området til utbyggingsformål.		

<b>BKB_2</b>	Gnr./bnr.: 8/1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, 12, 20, 39 m. fl. Gjeldande planstatus: Fritidsbusetnad bustadar, veg <b>Nytt formål:</b> Kombinasjon bustad, fritidsbusetnad, fritids- og turistformål	Areal: 94 daa Dagens arealbruk: Fritidsbusetnad,
Oversiktskart:	Gjeldande arealplan: KDP Liabygda	
		
Reguleringsstatus:	Ortofoto med arealavgrensing:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt.	+
Landbruk	Området har fleire teigar med dyrka areal, området er tidlegare sett av til utbyggingsformål.	+
Naturmangfold	Området ligg inntil naturtype bekkekløft og bergvegg (lokalt viktig) og kalkskog (svært viktig). Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Området ligg inntil regionalt verneverdig fiskevær-sjøbruksanlegg. Ikkje registrert konflikt, men må vurdere i samband med regulering korleis utbygginga skal skje i sørleg del av området, moglege	0

	konsekvensar for kulturminne. Krav om at nye tiltak må tilpassast best mogleg til terreng, med material- og fargeval som er tilpassa området. Det er ei justering av utbyggingsformål frå KDP Liabygda.	
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Nær turområde og badeområde. Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Kommunal veg går gjennom området. Det er opparbeidd avkjørsel til fylkesveg. Utbygging vil medføre auke i transport.	+
Teknisk infrastruktur	Eksisterande infrastruktur ligg i området, må truleg oppdimensjonerast.	+
Samfunnstryggleik	Det er gjennomført skredkartlegging i bratt terreng, delar av området ligg innanfor skredsone 1/100 kor det ikkje kan byggjast for varig opphold. Delar av området ligg under marin grense. Må avklare grunnforholda.	0
Barn og unge	I barnetrakk er det registrert badeplass ved Liasjøen.	+
Folkehelse	Sørvestd, lett tilgjengeleg område og nære sjøområde.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b>		
Endring av tidlegare utbyggingsformål frå fritidsbustad til kombinasjon med bustad, fritidsbustad, fritids-/turisme for å leggje til rette for utvikling av området. Tryggleik mot skred er avklart, må stette krav i TEK17 for naturfare. Må leggje til rette for barn og unge. Krav om å vurdere avbøtande tiltak med omsyn til kulturlandskap og kulturminne. Det er ei justering av utbyggingsformål frå KDP Liabygda.		
<b>Konklusjon:</b>		
Området vert vidareført med utvida arealbruk, med avgrensing som tidlegare fritidsbustadområde.		

<b>BFT_1</b>	Gnr./bnr.: 8/2, 24, 38 og 135 Gjeldende planstatus: Offentleg bygning <b>Nytt formål:</b> Fritids-/turisme	Areal: 4,8 daa Dagens arealbruk: Skog
Oversiktskart:	Gjeldande arealplan: KDP Liabygda	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje konflikt. Vil ikkje generere støy.	0
Landbruk	Ikkje dyrka eller dyrkbar jord.	0
Naturmangfold	Området ligg inntil naturtype bekkekloft og bergvegg. Som avbøtande tiltak må det ikkje gjerast tiltak som kan påverke naturtypen.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Området ligg inntil naturtype bekkekloft og bergvegg (lokalt viktig). Ikkje registrert konflikt. Avbøtande tiltak for naturtype vil og sikre kulturminne.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt. Turmoglegheit langs lite trafikkert kommunalveg til Liasjøen, kort veg til turområde.	+
Samferdsel /transportbehov	Ligg inntil kommunalveg og med kort veg til fv. 650, med eksisterande avkjørsel. Utbygging vil føre til auke i transportbehov.	+
Teknisk infrastruktur	Nær eksisterande.	+
Samfunnstryggleik	Ligg innanfor aktsemdosområde for skred, det er gjennomført skredkartlegging i bratt terrenget for delar av området, eksisterande bygg ligg innafor skredsone 1/5000.	-

Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk.	+
Folkehelse	Utsikt. Kort veg til varierte turområde.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Endring fra utbyggingsformål offentleg bygg til fritid-/turisme. Krav til byggjegrense mot elv vil sikre naturtype bekkekløft og bergvegg og kulturminne knytt til elva.		
<b>Konklusjon:</b> Området vert vidareført med utvida arealbruk, med avgrensing som tidlegare offentleg formål.		

<b>BAB_1A og 1B</b>	Gnr./bnr.: 5/1 og 8/1-5 Gjeldende planstatus: Friområde <b>Nytt formål:</b> Andre type bygningar og anlegg – kraftverk Får ikke rettsverknad etter pbl.	Areal: 1 + 1 daa Dagens arealbruk: Skog
Oversiktskart:		Gjeldande plan: KDP Liabygda
Reguleringsstatus:		Ortofoto med framlegg ny arealbruk:
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje konflikt. Vil ikkje generere støy anna enn i anleggsfase.	0
Landbruk	Ikkje dyrka eller dyrkbar jord.	0
Naturmangfold	Området ligg inntil naturtype bekkekløft og bergvegg. Vil påverke vassføring i Storflåa, mindre vassføring under demning.	-
Kulturminne/-miljø/-landskap	BAB_1-2 vil ligge rett utanfor areal sett av til regionalt verneverdig naust – båthus. Krav om avbøtande tilbak for nytt kraftverkstasjon, tilpassa med material- og fargeval, og legge ygg inn i terrenget. Utbygging innanfor 100-meterbeltet langs sjø.	-
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Ligg inntil kommunalveg og med kort veg til fv.	+

	650. Lite transportbehov når utbygd. Eksisterande avkjørsel fra offentleg veg kan nyttast.	
Teknisk infrastruktur	Nær eksisterande.	+
Samfunnstryggleik	Demning ligg innanfor aktsemndsområde for skred, det er gjennomført skredfarekartegging, del av BAP_1-2 ligg i skredsone 1/1000, del av formålsområdet ligg utanfor kartleggingsområdet. Må avklare skredfare for areal utanfor kartleggingsområdet dersom det blir nytta til utbygging. Tryggere mot flaum nedanfor demning, siden del av elva vil gå i røyr. BAP_1-2 ligg under marin grense, trygge grunnforhold må dokumenterast før utbygging.	-
Barn og unge	I barntrakk er det registrert badeplass ved utløpet av Storflåa. Truleg ikke konflikt.	0
Folkehelse	Små konsekvensar.	0
Landbruk	Det er dyrka areal innanfor området, om lag 14 + 14,5 daa. Må setje krav om å ta vare på matjord.	-
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne innanfor området og SEFRAK-bygg. Potensial for fleire funn. Avklaring i samband med regulering.	-
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt. Må leggje til rette for snarvegar, turveg.	0
Samferdsel /transportbehov	Området ligg ved kommunal veg, med kort veg til opparbeidd avkjørsel fv. 60. Området ligg sentralt.	-
Teknisk infrastruktur	Behov for å bygge ut ny infrastruktur. Kort veg for å knyte seg på eksisterande.	0
Samfunnstryggleik	Skredfare er avklart. Nedre del av området ligg under marin grense. Må avklare byggjegrunn. Må avklare konsekvensar av overvatn, eventuelle avbøtande tiltak.	-

Barn og unge	Barnetrakk registreringar om mykje trafikk og høgare fart enn skilta. Må vurdere fysiske tiltak for å redusere fart.	-
Folkehelse	Sentralt område med god tilkomst for heile kommunen. Bør gjere avbøtande tiltak mot støy.	0
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b>		
Tilrettelegging for utviding/utvikling av helse- og sosial tenester. Krav om støyvurdering og sjekk av grunn tilhøva. Krav om vurdering av overvatn, må vurdere eventuelle avbøtande tiltak. Det er krav om regulering, avklaring av automatisk freda kulturminne i samband med regulering. I samband med regulering må arealbehovet vurderast, eventuelt restareal må regulerast til landbruk. Stort areal med dyrka mark blir omdisponert, i samband med regulering bør det setjast krav om å ta vare på matjorda.		
<b>Konklusjon:</b>		
Tilrettelegging for utviding/utvikling av helse- og sosial tenester.		

<b>BKB_11</b>	Gnr./bnr.: 52/5, 6, 56 Gjeldende planstatus: LNF <b>Nytt formål: Kombinasjonsformål – bustad, offentleg eller privat tenesteyting</b>	Areal: 4,7 daa Dagens arealbruk: Dyrka mark, Gjeldande plan: KDP Stranda
Oversiktskart:	Gjeldande plan: KDP Stranda	
		
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt	0
Landbruk	Det er dyrka areal innanfor området, om lag 3,5 daa. Del av større samanhengende dyrka areal. Må setje krav om å ta vare på matjorda.	-
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området ligg ved kommunal veg, med kort veg til opparbeidd avkjørsel fv. 60. Tiltaket vil medføre auka transportbehov.	-
Teknisk infrastruktur	Behov for å byggje ut ny infrastruktur. Kort veg for å knyte seg på eksisterande.	0
Samfunnstryggleik	Ikkje registrert fare eller risiko.	0
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar. Må legge til rette for barn og unge.	0
Folkehelse	Sentralt område med god tilkomst for heile kommunen.	0
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b>	Tilrettelegging for utviding/utvikling av helse- og sosial tenester. Areal med dyrka mark blir omdisponert, i samband med regulering bør det setjast krav om å ta vare på matjorda.	
<b>Konklusjon:</b>		



Tilrettelegging for utviding/utvikling av helse- og sosial tenester.

<b>B_2</b>	Gnr./bnr.: 49/3, 4, 26, 35, 50/2, 3, 51/1, 2 Areal: 102 daa Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Skog, overflate dyrka <b>Nytt formål: Bustad</b>	
Oversiktskart:	Gjeldande plan: KDP Stranda	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt	0
Landbruk	Det er overflata dyrka areal innanfor området, om lag 5,7 daa. Eventuell matjord bør takast vare på. Det må sikrast tilkomst til skogsareal nord for B_2	-
Naturmangfold	Nøkkelbiotop med MIS.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt. Må sikre lett tilkomst til utmarka for både nye og eksisterande busetnad i nærområdet.	0
Samferdsel /transportbehov	Området inntil kommunal veg. Tiltaket vil medføre auka transportbehov.	-
Teknisk infrastruktur	Behov for å byggje ut ny infrastruktur. Kort veg for å knyte seg på eksisterande nedanfor.	0
Samfunnstryggleik	Området ligg innanfor aktsemidsområde snøskred og jord- og flaumskred. For del av formålsområdet er det gjennomført skredfare-kartlegging av området, med skredsone 1/1000. Krav om skredvurdering for resten av formålsområdet. Må avklare konsekvensar for overvatn, eventuelle avbøtannde tiltak.	-
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar. Må legge til rette for barn og unge. Det er lagt inn areal til kvartalsleikeplass, avklaring i samband med regulering.	+

Folkehelse	Sørvendt, med god utsikt. Ligg inntil turområde.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Tilrettelegging for nytt bustadområde. Krav om skredvurdering. Konsekvensar overvatn må avklarast, med eventuelle avbøtande tiltak. Bør vurdere konsekvensar av auka trafikk gjennom eksisterande bustadområde. Overflatedyrka mark blir omdisponert, i samband med regulering bør det setjast krav om å ta vare på matjorda.		
<b>Konklusjon:</b> Utviding av eksisterande bustadområde.		

<b>BN_1</b>	Gnr./bnr.: 50/66, 67, 74, 134 Gjeldande planstatus: LNF/offentleg <b>Nytt formål: Næring</b>	Areal: 24,5 daa Dagens arealbruk: Næring
Oversiktskart:	Gjeldande plan: KDP Stranda	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt	0
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har tilkomst frå kommunal veg. Planen legg ikkje opp til endring i transportbehov.	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur, bygd ut.	0
Samfunnstryggleik	For formålsområdet er det gjennomført skredfare-kartlegging, med skredsone 1/1000 for ein liten del av området. Området ligg under marin grense, må avklare byggjegrunn.	-
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Kort veg til bustadfelt.	0
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b>		
Formalisering av dagens bruk. Området ligg under marin grense, må avklare byggjegrunn.		
<b>Konklusjon:</b>		
Formalisering av dagens bruk.		

<b>BGU_1</b>	Gnr./bnr.: 50/1, 2, 7, 63, 53/13 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål:</b> Grav og urnelund	Areal: 15 daa Dagens arealbruk: Skog
Oversiktskart:	Gjeldande plan: KDP Stranda	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt	0
Landbruk	Det er dyrka areal innanfor området, om lag 4,1 daa og dyrkbart om lag 10 daa. Matjord må takast vare på.	-
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har tilkomst frå kommunal veg. Liten endring i transportbehov.	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur.	0
Samfunnstryggleik	Det er gjennomført skredfare-kartlegging, og det er skredsone 1/1000 for ein liten del av området. Området ligg under marin grense, må avklare konsekvensar det medfører.	-
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Skjerma område med god utsikt, lite innsyn.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Utviking av eksisterande grav og urnelund. Området ligg under marin grense, må avklare byggjegrunn.		
<b>Konklusjon:</b> Utviking av eksisterande grav- og urnelund.		

<b>BOP_7</b>	Gnr./bnr.: 50/1, 2, 7, 63, 53/13 Gjeldande planstatus: Nærings <b>Nytt formål:</b> Offentleg eller privat tenesteyting	Areal: 10 daa Dagens arealbruk: Kommunalt driftslagar
Oversiktskart:	Gjeldande plan: KDP Stranda	
		
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt	0
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har tilkomst frå kommunal veg. Liten endring i transportbehov.	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur.	0
Samfunnstryggleik	Det er gjennomført skredfare-kartlegging, og det er skredsone 1/1000 for ein liten del av området. Området ligg under marin grense, må avklare konsekvensar det medfører.	-
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Skjerma området med god utsikt, lite innsyn.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b>	Formalisering av dagens bruk av området til kommunen sitt lagar og driftssenter. Området ligg under marin grense, må avklare byggjegrunn og skred, del av området ligg innanfor faresone skred.	
<b>Konklusjon:</b>	Formalisering av dagens bruk av området til kommunen sitt lagar og driftssenter.	



<b>BS_1</b>	Gnr./bnr.: 53/2, 25, 28, 62, 95, 201, 218, 293, 301 Gjeldande planstatus: Offentleg, forretning, kontor, service Skule, bustad, forretning, industri <b>Nytt formål: Sentrumsformål</b>	Areal: 31 daa Dagens arealbruk:
Oversiktskart:		Gjeldande plan: KDP Stranda 
Reguleringsstatus:		Ortofoto med framlegg ny arealbruk: 
<b>Tema</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Konsekvens</b>
Forureining og støy	Området ligg innanfor gul og raud støysone. Krav om støyvurdering og eventuelle avbøtande tiltak.	-
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Innanfor området ligg det regionalt viktig kulturminne og kulturminne verna etter pbl.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har tilkomst frå fv. 60. Mogleg auke i transportbehov.	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur.	0
Samfunnstryggleik	Det er gjennomført skredfare-kartlegging, med skredsone 1/1000 for ein del av området og 1/100 for ein liten del av området. Området ligg under marin grense, bør avklare byggjegrunn.	-
Barn og unge	Skuleveg, skaterampe, ballbinge og fotballbane.	0
Folkehelse	Kort veg til downtown sentrum, sentralt og skule vest for området.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b>		
Vidare utvikling av Stranda sentrum med meir sentrumsareal, utanfor flodbølgjefare. Delvis formalisering av dagens bruk. Området ligg under marin grense, må avklare byggjegrunn. Krav om støyvurdering med avbøtande tiltak.		

**Konklusjon:**



Utviding av eksisterande sentrumsområde.

<b>BN_2</b>	Gnr./bnr.: 18/12, 14 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål:</b> Nærings	Areal: 5,5 daa Dagens arealbruk: Nærings
Oversiktskart:	Gjeldande plan: KDP Stranda	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Området ligg delvis innanfor gul støysone. Bør avklare konsekvenser av støy.	-
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Del av området er registrert som viltområde for hjort. Området er bygd ut og er i bruk.	0
Kulturminne/-miljø-/landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har opparbeidd tilkomst til fv. 5924. Truleg ikkje auke i transportbehov.	+
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur, området er opparbeidd.	+
Samfunnstryggleik	Området ligg under marin grense. Det er gjennomført skredfare-kartlegging, med skredsone 1/5000 og 1/1000 for ein del av området og 1/100 for ein liten del av området.	-
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Bør avklare konsekvenser av veg støy.	0
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Formalisering av dagens bruk. Bør avklare konsekvensar for grunnforhold.		
<b>Konklusjon:</b> Formalisering av dagens bruk.		


<b>BAB_12</b>	Gnr./bnr.: 15/18, 16/1 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål:</b> Andre bygningar og anlegg - naust	Areal: 0,5 daa Dagens arealbruk: Skog, naust
Oversiktskart:		Gjeldande plan: KDP Stranda
Reguleringsstatus:		Ortofoto med framlegg ny arealbruk:
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt.	0
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Del av området er registrert som viltområde for hjort. Området er delvis bygd ut og er i bruk.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har opparbeidd tilkomst til fv. 5924. Liten auke i transportbehov.	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur, delvis opparbeidd.	+
Samfunnstryggleik	Området ligg under marin grense og innanfor oppskyllingsområde frå Åknes. Det er gjennomført skredfarekartlegging, med skredsone 1/5000 for området.	0
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Fint område ved sjøen.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Formalisering av dagens bruk og tilrettelegging av eitt nytt naust.		
<b>Konklusjon:</b> Formalisering av dagens og tidlegare bruk.		

<b>B_12</b>	Gnr./bnr.: 13/5 , 14/7 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål: Bustad</b>	Areal: 6,9 daa Dagens arealbruk: Bustad
Oversiktskart:		Gjeldande plan: KDP Stranda
Reguleringsstatus:		Ortofoto med framlegg ny arealbruk:
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt.	0
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø-/landskap	Regionalt viktig kulturmiljø ligg innanfor området.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har opparbeidd tilkomst til fv. 5924. Ikkje auke i transportbehov.	+
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur, området er opparbeidd.	+
Samfunnstryggleik	Området ligg under marin grense og innanfor aktsemdsområde for flaum. Området ligg innanfor faresone flodbølgje. Det er gjennomført skredfarekartlegging, med skredsone 1/1000 og 1/5000 for området. Må avklare konsekvensar for grunnforhold	0

	Det er lagt inn byggjegrense mot sjø over grense 1/1000 fare for flodbølgje frå fjellskred.	
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Sjønært område.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Formalisering av dagens bruk. Må avklare konsekvensar i høve grunnforhold og flaumfare.		
<b>Konklusjon:</b> Formalisering av dagens bruk.		

<b>SPA_9</b>	Gnr./bnr.: 11/1 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål:</b> Parkering	Areal: 0,7 daa Dagens arealbruk: Parkering
Oversiktskart:	Gjeldande plan: Arealdelen	
		
Reguleringsstatus:	Ortofoto med framlegg ny arealbruk:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt.	0
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø-/landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har opparbeidd tilkomst til kommunal veg. Ikkje auke i transportbehov.	+
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur, området er opparbeidd.	+
Samfunnstryggleik	Ikkje registrert fare eller risiko.	+
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Til rettelegging for friluftsliv.	+
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Formalisering av dagens bruk.		
<b>Konklusjon:</b> Formalisering av dagens bruk.		

<b>BAB_13</b>	Gnr./bnr.: 55/27 og 56/2 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål:</b> Andre bygg og anlegg - kraftverk	Areal: 0,7 daa Dagens arealbruk: Kraftverk
<b>Oversiktskart:</b>		
<b>Gjeldande plan: Arealdelen</b>		<b>Reguleringsstatus:</b>
<b>Gjeldande plan: Arealdelen</b>		<b>Reguleringsstatus:</b>
<b>Ortofoto med framlegg ny arealbruk:</b>		<b>Ortofoto med framlegg ny arealbruk:</b>



Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt.	0
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Del av formålsområdet ligg innanfor regionalt viktig friluftsområde.	0
Samferdsel /transportbehov	Området har opparbeidd tilkomst til kommunal veg. Ikkje auke i transportbehov.	+
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur, området er opparbeidd.	+
Samfunnstryggleik	Formålsområdet ligg innanfor aktsemdosområde skred, oppskylling flodbølgje Åknes. Bør avklare konsekvensar av naturfare.	0
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Medfører ikkje endringar.	0
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b>		
Formalisering av dagens bruk.		
<b>Konklusjon:</b>		
Formalisering av dagens bruk.		




<b>BFR_13</b>	Gnr./bnr.: 56/1-3, 55/1, 11, 56/1, 2, 3 og 57/1 Gjeldande planstatus: LNF <b>Nytt formål:</b> Fritidsbusetnad	Areal: nytt om lag 250 daa Dagens arealbruk: Fritidsbustad/skog/myr
Oversiktskart:	Gjeldande arealplan: Arealdelen	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med avgrensning:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt. Potensiell konflikt med Nysætervatnet som resipient.	0
Landbruk	Ikkje konflikt.	0
Naturmangfold	Idelav området ligg innanfor naturtype rikmyr, verdisett som svært viktig. Må avklare konsekvensar. I samband med reguleringsplan med KU, vil utbyggingssområdet truleg blir redusert.	-
Kulturminne/-miljø/-landskap	Det er to automatisk freda kulturminne innanfor formålet, må avklare konsekvensar. Truleg avklart i tidlegare regulering.	0
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Del av formålsområdet ligg innanfor regionalt viktig friluftsområde.	-
Samferdsel /transportbehov	Området har opparbeidd tilkomst til kommunal veg, auke i transportbehov	0
Teknisk infrastruktur	Ikkje behov for ny infrastruktur, området er opparbeidd, mogleg behov for utviding.	+
Samfunnstryggleik	Del av formålsområdet ligg innanfor aktsemråde skred. Må avklare konsekvensar av naturfare.	0
Barn og unge	Ikkje barnetrakk registreringar.	0
Folkehelse	Tilrettelegging for friluftsliv.	0
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0

**Samla vurdering:**





Tilrettelegging for fritidsbustad. Må avklare konsekvensar naturfare dersom det skal byggjast innanfor aktseendsområde skred. Må avklare konsekvensar for naturtype og konsekvensar for Nysætervatnet (recipient). Tidlegare regulert, og det er starta opp regulering med konsekvensutgreiing. Utbyggingsområdet er justert i høve til reguleringsplan som er under utarbeiding, den legg til fortetting og utviding av gjeldande reguleringsplan. avklart/redusert ved regulering.

**Konklusjon:**

Tilrettelegging for fritidsbustad.

<b>NFFFA_1</b>	Gnr./bnr. Gjeldande planstatus: Sjøareal <b>Nytt formål:</b> NFFFA – Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur	Areal: 146 daa Dagens arealbruk: Ikke bandlagt bruk
Oversiktskart:		Gjeldande arealplan: Arealdelen
		
Reguleringsstatus:		Ortofoto med arealavgrensing:
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt. Mogleg støy ved drift.	-
Landbruk	Ikkje konflikt	0
Naturmangfold	Formålsområdet ligg nord naturtype gammal barskog. Truleg ikkje konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Ikkje registrert konflikt.	-
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt. Eksisterande gjev restriksjonar for ferdsel.	0
Samferdsel /transportbehov	Tilkomst frå sjø. Potensiell konflikt med farlei, avklarast med sektormynde i samband med konsesjonshandsaminga.	0

Teknisk infrastruktur	Nødvendig infrastruktur er bygd ut.	-
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde snøskred og faresone for flodbølgje. Konsekvensar må avklarast.	-
Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk for området.	0
Folkehelse	Restriksjonar på ferdsel, fiske, friluftsliv.	-
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Legg til rette for akvakultur etter pbl. I samband med konsesjonshandsaming må det avklarast etter sektorlover. Må avklare konsekvensar flodbølgje og skred.		
<b>Konklusjon:</b> Formalisering av eksisterande akvakulturlokalitet.		

<b>Ankring_2</b>		Gnr./bnr. Gjeldande planstatus: Sjøareal <b>Nytt formål: Ankring</b>	Areal: 38 daa Dagens arealbruk: Ikkje bandlagt bruk
Oversiktskart:		Gjeldande arealplan: Arealdelen	
			
Reguleringsstatus:		Ortofoto med arealavgrensing:	
			
Tema	Vurdering	Konsekvens	
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt. Mogleg støy ved oppankring, truleg sporadisk.	-	
Landbruk	Ikkje konflikt	0	
Naturmangfold	Ikkje registrert konflikt.	0	
Kulturminne/-miljø/-landskap	Økjeberget er det kulturmiljø. Lite konfliktnivå, berre sporadisk bruk av ankringsplass.	-	
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Bade og friluftsområde, rett innafor området. Mogleg konflikt, men det vil truleg bare vere sporadisk.	0	
Samferdsel /transportbehov	Tilkomst frå sjø. Potensiell konflikt med farlei, avklarast med sektormynde i samband med konsesjonshandsaminga.	0	

Teknisk infrastruktur	Ikkje behov, kan nytte småbåthamna for landkome.	-
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde snøskred og faresone flodbølgje. Konsekvensar må avklarast.	-
Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk for området.	0
Folkehelse	Restriksjonar på ferdsel, fiske, friluftsliv.	-
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Legg til rette for ankringsplass, formalisering etter pbl. for ankringsplass som er markert i sjøkart. Må avklare konsekvensar flodbølgje og skred. Vurdere restriksjonar for bruk.		
<b>Konklusjon:</b> Tilrettelegging av ankringsområde.		

<b>NFFFA_3</b>	Gnr./bnr. Gjeldande planstatus: Sjøareal <b>Nytt formål:</b> NFFFA – Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur	Areal: 146 daa Dagens arealbruk: Ikke bandlagt bruk
Oversiktskart:	Gjeldande arealplan: Arealdelen	
Reguleringsstatus:	Ortofoto med arealavgrensning:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikt. Mogleg støy ved drift.	-
Landbruk	Ikkje konflikt	0
Naturmangfold	Formålsområdet ligg nordvest for naturtype gamal barskog. Truleg ikkje konflikt.	0
Kulturminne/-miljø/-landskap	Det ligg regionalt verneverdig kraftstasjon om lag 100 m inn på land, samling av SEFRÅK-naust vest for elveosen. Ikkje registrert konflikt.	-
Friluftsliv, nærmiljø, grønstruktur	Ikkje registrert konflikt. Eksisterande anlegg gjev restriksjonar for ferdsel.	0
Samferdsel /transportbehov	Tilkomst frå sjø. Potensiell konflikt med farlei, avklarast med sektormynde i samband med konsesjonshandsaminga. Fortøyinger til land gjev restriksjonar for ankring i området. Det er registrert ankringsplass i	0

	sjøkart i Uksagvika.	
Teknisk infrastruktur	Nødvendig infrastruktur er bygd ut.	-
Samfunnstryggleik	Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde snøskred og faresone for flodbølgje. Konsekvensar må avklarast.	-
Barn og unge	Ikkje registreringar i barnetrakk for området.	0
Folkehelse	Restriksjonar på ferdsel, fiske, friluftsliv.	-
Grus og pukk	Ikkje registrert førekomst i området.	0
<b>Samla vurdering:</b> Legg til rette for akvakultur etter pbl. I samband med konsesjonshandsaming må det avklarast etter sektorlover. Må avklare konsekvensar flodbølgje og skred.		
<b>Konklusjon:</b> Formalisering av eksisterande akvakulturlokalitet.		

## 5. Samla konsekvens av planen

### 5.1. Vurdering av samla konsekvens av planen:

Eit av hovudmåla med rulleringa er å oppdatere planane til dagens standard. Gjeldande planar er utarbeidd etter tidlegare plan- og bygningslov, og teknisk framstilling harmonerer ikkje med dagens lovkrav.

Planen søker å byggje opp under og utnytte eksisterande infrastruktur ved lokalisering av nye utbyggingsareal i samsvar med gjeldande planretningslinjer for samordna bustad- og areal og transport. Men på grunn av naturfare, vern og naturgjeven utforming av kommunen, har ein måtte sjå utover dette, hovudsakleg gjeld det Geiranger, der ein lagt til rette for fleire bustadområde i utkanten av sentrum.

Auka tilflytting og attraktivitet er eit anna hovudmål. Med negativ folketalsutvikling i barne-, unge- og yrkesaktive aldersgrupper, men vekst i eldre innbyggjarar, er det avgjerande at kommunen kan trekke til seg nye innbyggjarar. Attraktive byggeområde er vurdert som eit svært viktig tiltak.

Mange av byggeområda ligg i konflikt med andre interesser/potensiell fare, jordvern, skredfare og enkelte område med viktige naturtypar. Det er søkt å ta inn nye byggeareal som har få eller ingen negative følgjer for landbruket, det har vore utfordrande.

Eksisterande næringsareal er vurdert til å ha tilstrekkeleg kapasitet for behovet i planperioden.

Samla sett er målsettinga at planen kan bidra til å gjøre Stranda kommune meir attraktiv å busette seg og bu i, at den legg til rette for god folkehelse og gode oppvekstvilkår og sikrar miljømessige kvalitetar for ei positiv utvikling.

Planen legg opp små inngrep i strandsona, bortsett frå ved Ovråneset.

Ønske om satsing for reiselivet er det lagt inn/endra areal til fritid- og turismeformål.

### 5.2. Samla vurdering etter konsekvenstema:

#### 5.2.1. Forureining og støy

Nye byggeområde er i hovudsak lagt utanfor støyvarselsone. Nokre areal kjem delvis i konflikt med gul og raud støysone. Gjennom føresegnene er det sett krav om avbøtande tiltak, alternativt at areal innanfor støysone ikkje blir nytta til støyfølsam bruk.

Ingen areal er i konflikt med registrerte forureining utover støy.

#### 5.2.2. Landbruk – jordressursar

Tabell 1 Oversikt over areal som blir omdisponert i arealdelen.

	Areal da
Innmarksbeite (overflate dyrka)	11
Dyrka areal	91
Dyrkbart areal	350

Planen legg opp til å omdisponere om lag 470 da med dyrka og dyrkbart jordbruksareal. Delar av dette er areal i storleiken 1 – 7 daa, og areal som ligg høgt til, areal som ikkje gjev noko særlege negative konsekvensar, om lag 85 daa. Delar av dyrkbart areal vil ikkje vere reelt dyrkbart, areal som ligg oppe i liene, langt frå anna dyrka areal. Til dømes areal i Hevsdalen og område ovanfor bustadar ved Stranda.

Noko av arealet har stor samfunnsnytte som bakgrunn for omdisponering. Det gjeld:

- BOP\_6, 29 daa dyrka areal (Ringstad) til samlokalisering av kommunale helse og omsorgstenester
- B\_3, 45 daa dyrkbart areal (Ringstadmarka) til utviding av sentrumsnært bustadområde
- BGU\_1, 14 daa dyrka, dyrkbart areal (Løken, Stranda), utvidingsareal grav- og urnelund
- BKB\_8-0, 5 daa dyrka (Møll) for å leggje til rette for utvikling av tettstaden Geiranger. Krav om regulering av dyrka areal til jordbruksdrift.
- LSB, 10 daa overflatedyrka og innmarksbeite (Flydal) for å leggje til rette for utvikling av tettstaden Geiranger.

Andre område med mindre samfunnsnytte er:

- BFR\_3, 10 daa innmarksbeite (Svefonna), fritidsbusetnad
- BFR\_9, 35 daa dyrkbart areal (Hevsdalen)
- BKB\_13 og 14, 220 dyrkbart areal

I samband med regulering av BFT\_1 og BKB\_9-3 (Ljøen), vil overflate/innmarksbeite areal på om lag 17 daa bli nytt til utbyggingsformål.

I tillegg legg planen opp til at skogsareal i Fursetlia (BFR\_4) og areal ovanfor Langlo skal nyttast til løyper, trekk og fritidsbustadar, noko som vil vanskeleg gjere bruken av områda til beite og skogsdrift.

Planen legg opp til store negative konsekvensar for landbruksnæringa.

### **5.2.3. Naturmangfold**

Fleire nye utbyggingsområde kjem i konflikt med svært viktige lokalitetar. Dette gjeld BKB\_7 (Ystehaugen), ein lokalitet med gammal barskog (svært viktig) ligg innanfor formålet. Utbyggingsområdet kan gje stor negativ konsekvens for lokaliteten, det er sett krav om avbøtande tiltak.

Det blir lagt til rette for kraftverk ved Lauvikneset (BAB\_2), som vil ligge innafor naturtype kalkskog (svært viktig). Mindre område som blir råka, oppføring av kraftverk og veg til område, for eit større samanhengande areal. Blir vurdert til liten negativ konsekvens.

BKB\_9-5 (Ringdal) ved eksisterande kraftverk, tiltaket vil truleg gje liten konsekvens for naturtype bekkekloft og bergvegg (viktig).

BFT\_1-1 og BKB\_9-3 (Ljøen), område med naturtype naturbeitemark (lokalt viktig), slåttemark (svært viktig) og edellauvskog (viktig), potensiell konflikt. Det er starta opp regulering for dette området, BFT\_1-1 er redusert til 40 daa, og kjem ikkje i konflikt med edellauvskog. Tilhøve til slåttemark og naturbeitemark må avklarast ved regulering av BKB\_9-3.

BAB\_7 (Ljøen) ligg innanfor naturtype rik edellauvskog (svært viktig), det er tidlegare gjennomført tiltak i området, endra bruk vil gje liten negativ konsekvens for naturtypen. For

BFR\_3 (Svefonna) ligg naturtype naturbeitemark (viktig) delvis innanfor utbyggingsformålet, dette vil gje middels negativ konsekvens for naturtypen.

For naturtype naturbeitemark (svært viktig) ved Ringstadsætra vil del av BFR\_11 ligge innanfor naturtypen, blir vurdert som middels negativ konsekvens.

Naturtype naturbeitemark (lokalt viktig) ved Langloreien ligg innafor nedfart/skitrekk, blir vurdert som liten negativ konsekvens på naturtypen av tiltaket.

For BFR\_14 (Fausa) ligg ein større del av naturtype rik myr (svært viktig) innanfor utbyggingsområdet. Det er starta opp regulering av området med konsekvensutgreiing, konsekvensar av tiltaket blir då vurdert på meir detaljert nivå. Utbyggingsarealet er justert slik at det samsvarar med utbyggingsareal i framlegg til reguleringsplankart.

I samband med regulering må det vurderast avbøtande tiltak knytt til naturmangfold og naturmiljø.

### 5.2.4. Kulturminne og kulturmiljø

Nye byggeområde er ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne eller regionalt viktige kulturminne fornminne, bortsett frå BOP\_6 (Ringstad), B\_12 (Sandvik) og BKB\_9 (Ljøen). For desse områda skal avklaring skje i samband med regulering. Registrerte kulturminne i Askeladden er lagt inn i plankartet med omsynssone H\_730 og H\_570 (automatiske freda kulturminne og regionalt viktige kulturminne). Potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne er usikkert, i samband med regulering av utbyggingsområde vil det vere krav om arkeologisk registrering for å sjekke ut om det er automatisk freda kulturminne.

### 5.2.5. Verna vassdrag

Planen vil ha negativ konsekvens for verna vassdrag, det gjeld Vesteråselva og Geirangerelva, der blir lagt opp til ny utbygging innanfor 100 m grensa for verna vassdrag. For Bygdaelva og Norangselva blir nye formål formalisere dagens bruk (BFT\_5) hotell Fivelstad) og (BAB\_6-3) kraftverk Hole.

Tiltak som råkar vassdraga må avklarast etter vassressurslova. Utbyggingsformål som vil kunne få størst konsekvensar er bustadar LSB (Flydalen), parkering/høgdebasseng (SPA\_2/BAB\_4-3 (Hole) og blålysetatar BOP\_1b (Kopane). Andre nye utbyggingsformål er lagt bak eksisterande utbygging i høve vassdrag, og vil gje mindre negative konsekvensar. Negative konsekvensar gjeld hovudsakleg landskapsbilete og kulturminne/-miljø. Det er sett som krav at nye utbyggingsområde skal regulerast (også plankrav), for å kunne få ei meir detaljert avklaring for dei ulike utbyggingsområda i høve verna vassdrag.

### 5.2.6. Friluftsliv/grønstruktur

Planen søker å legge til rette for auka , snarvegar, turvegar, gang-/sykkelbruk innanfor kommunen, både i plankart og krav i føresegnene ved regulering. Det er starta opp arbeid med trafikktryggingsplan som skal sjå på blant anna gang-/sykkelvegar.

Fleire viktige turvegar er lagt inni plankart, markert som raud line, blant anna nasjonal tursti i Geiranger, stien mellom Homlung – Skageflå, den Trondhjemske postveg Ljøen og Turveg i Helsemvika. Det er lagt inn ny tursti frå Korsbrekke langs fjorden til Åsneset (Kurla).

Det er lagt inn fleire parkeringsplassar for å lette tilgjenge til turområde; Langedalen, Nibbedalen og Brensla. Statleg sikra friluftsområde (Helsemvika, Øykjeberget, Skaffarhaugen, Salthusberget, Vollset – kommunegrense og Flydalsjuvet) er lagt inn i plan som friområde med omsynssone friluftsliv.

I føresegnene er det sett krav om vurdere/leggje til grunn blant anna gamle ferdelsårer og råser i bruk. Foringar og krav i arealplanen vil ha positivt konsekvens for friluftsliv/grønstruktur med sikring og tilrettelegging av nødvendig areal til formål.

### 5.2.7. Landskapsverknad

Planen vil ha konsekvens for landskapet fleire plassar:

På Hellesylt er det lagt opp til gondol-/pendelbane (SST\_3/BFT\_7) og opp til Nakken. Dette vil ha stor negativ konsekvens, med stolpar og bygning på toppen av Nakken. Det er sett krav til at det ikkje kan gjerast tiltak utanfor BFT\_7. Også til rette legging av bustadar/fritidsbustadar ved BKB\_9-2 (Ringdalsåsen) vil ha negativ landskapsverknad, men det er ikkje andre alternativ sentrumsnært.

Omfanget på Ljøen for BFT\_1-1 er under avklaring i samband med pågående reguleringsplan. Areal som blir regulert til utbyggingsformål er lagt inn i arealplankartet.

Stranda/Hevdalen vil utbygging av områda ved Meraftahornet (BFR\_10 – 12, BFT\_2) og aust for Meraftahornet (BKB\_13 og 14) gje stor negativ konsekvens. Dette er utbygging som vil vere med å støtte under Hevdalen/Stranda som reiselivsdestinasjon, og ein samlar den tyngste utbygginga inntil eit større område som er mykje utbygd. Dei negative konsekvensane av landskapsmessige kvalitetane vert difor å akseptere for desse områda. På begge sider av Hevdalen er det lagt ut meir areal til fritidsbusetnad inntil eksisterande utbyggingsområde.

Utbygging av ny kai ved Overåneset vil også ha negativ landskapsverknad. Området er lagt inntil eit større samanhengande område sett av til fritidsbusetnad, og det er alt bygd veg i området. Området vil stort sett vere lite synleg frå bustadområde på land, frå sjø vil det verte synleg.

### **5.2.8. Samferdsel/transportbehov**

I samsvar med statleg retningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, er det søkt å legge nye utbyggingsområde inntil eksisterande utbyggingsområde, for å utnytte eksisterande infrastruktur. Planen legg opp til å utvide eksisterande utbyggingsområde der det er mogleg, jamfør sentrumsnære bustadområde i Stranda (B\_3) og offentlege funksjonar (BOP\_5 og 6), og B\_6 og BKB\_9-2 (bustad og fritidsbusetnad) ved Hellesylt. For Geiranger er det utfordringar med å legge til rette for nye areal til bustad sentrumsnært, der har ein utfordra retningslinja for lokalisering av utbyggingsområda.

I Liabygda har ein konsentrert bustadutbygging inntil eksisterande bustadområde og infrastruktur, fjerna butikkformål i utkanten (Stavseng).

I Hevdalen er hovudsakleg lagt til rette for vidare utbygging inntil eksisterande utbyggingsområde, med samanbinding med løypenett.

Det er lagt inn nye vegar for å trygge/betre linjeføring, Hellesylt V\_3\_a og Stranda (V\_9 tunnel gjennom Oshammaren).

For nye utbyggingsområde blir det lagt opp til å nytte eksisterande avkøyrsler, eller flytte eksisterande avkøyrsle til betre plassering.

### **5.2.9. Teknisk infrastruktur**

Nye utbyggingsområde vil i hovudsak kunne knyte seg til eksisterande infrastruktur. Nye utbyggingsområde er i hovudsak knytt til eksisterande vegnett.

### **5.2.10. Overvatn**

Planen kan ha stor negativ konsekvens for skade/flaum av overvatn. For utbyggingsområde som har potensielt størst risiko for flaum/skader av overvatn, samanhengande større utbygging, vert det sett krav om vurdering av konsekvensar for overvatn. Dette gjeld alle nye utbyggingsområde i Hevdalen og BKB\_13 og 14.

### **5.2.11. Samfunnstryggleik**

Risiko innanfor planområdet er i hovudsak knytt til flaum, rasfare, flodbølgje (Åkneset) og ustabil grunn (marin grense).

Omsynssoner, med føresegner for ulike risikotilhøve, er lagt inn i plan i samsvar med tilgjengeleg kunnskap. Det er sett krav om fagkunnig avklaring til ustabil grunn og for skredfare. Eventuelle avbøtande tiltak skal inngå i vurderingane.

Det er i føresegnene sett krav til byggjegrense langs bekkar/elver, med høvesvis minst 20 m avstand og 75 m avstand.

Fleire av utbyggingsområda ligg innanfor område der faresone for skred er avklart, dette gjeld til dømes B\_3 (bustad), BOP\_4 ((skule, barnehage) (Stranda), B\_7 (bustad) områda (Geiranger, B\_6 og BKB\_9-2 (bustad/fritidsbusetnad) (Hellesylt). Men det er også lagt inn fleire område med aktsemndsområde for skred, der må gjerast skredvurderingar før områda kan byggjast ut. Dette gjeld blant anna BKB\_9-7 (bustad/fritidsbustad) Bygda, BFT\_1 (fritids/turisme) Ljøen og BFR område i Hevdalen (fritidsbusetnad). Nærare avklaringar av naturfare må skje i samband med regulering.

### **5.2.12. Strandsone langs sjø**

Planen kan ha negativ konsekvens for strandsona langs sjø for eit område; Overåneset (SHA\_1-2), med utbygging av ny hamn. For Stranda sentrum og bygdelaga Hellesylt og Geiranger blir ikkje arealbruken endra i høve gjeldande områderegulering. Det er lagt ut lite nye arealformål i strandsona, dette er konsekvens av at det problematikk til sekundærverknad av fjellskred (flodbølgje) og ikkje minst bratt terregn i store delar av strandsona.

### **5.2.13. Barn og unges interesser**

Kartlegging av barnetrakk har vore ein del av prosessen og er brukt i konsekvensvurderingane. Det er sett krav i føresegnene at barnetrakk skal vere vurderingstema i reguleringsprosessar.

Viktige leikeplassar/friareal frå gjeldande reguleringsplanar er tatt inn i plankartet for å sikre viktige areal for barn og unge. I føresegne er sett areal- og funksjonskrav til leikeareal.  
Planen vil ha små ha negative konsekvensar for barn og unge, den vil ha positive konsekvensar, sikring av areal til leik og til rette legging av trygg mjuk ferdsel.

### **5.2.14. Folkehelse**

Det er opna for at leikeplassar kan også nyttast som møteplassar for alle. For areal sett av til bustad- og fritidsbusetnad skal det takast omsyn til løypetrase, turvegar, snarvegar, leike- og aktivitetsområde.

Nye utbyggingsområde er søkt lagt i miljømessig lite konfliktfylte område. Det er sett krav om støyvurdering for utbyggingsområde som kjem inn gul støysone.

### **5.2.15. Sjøareala**

I ytre del av fjordsystemet er det lagt opp til ein lokalitet for akvakultur som ikkje har vore brukt tidlegare – NFFFA\_0. Det blir snart starta opp interkommunal plan for sjøareal til kommunane Sykkylven, Fjord og Stranda. Då vil ein kunne sjå heile fjordsystemet under eitt og gjere betre avklaringar for kvar til dømes akvakulturanlegg bør ligge.

Det er sett av to område til ankringsplass – utanfor Økjeberget og rett utanfor plangrensa til områdeplan Geiranger.

Det er i tillegg sikra areal til gyte- og oppvekstområde i planen.